

Stavanger Museum ønsker seg Lund-ulven



FELT: Det tok åtte dagar frå Fylkesmannen gav fellingsløyve på denne ulven, til han blei skoten fredag kveld. Det viste seg å vera ein 43 kilo tung ung hannulv. **FOTO: IRENE HAMRE**

– Det er eit fint eksemplar. Me vil vera betre i stand til å ta vare på ulven enn dei fleste andre, seier avdelingsdirektør Rudolf Svensen ved Stavanger Museum. Han vil ha Lund-ulven utstilt på naturhistorisk avdeling.

KETH ODLAND
keth.odland@dalane-tidende.no

Rudolf Svensen, som opphavleg er eigersundar, har sidan januar i år vore avdelingsleiar ved Stavanger Museum. Ulven som fredag blei skoten i Lund, ønskjer nå Svensen å få til museumsavdelinga han har ansvar for; naturhistorisk avdeling.

– Det er 17 år sidan sist det blei skote ein ulv i Rogaland. Den som då blei tatt, har me ikkje her på museet, seier Svensen.

Også ulven frå februar 2003 blei felt i Rudolf Svensen sine heimtrakter, nærmare bestemt på Helleland.

Det var skadefellingslaget som skaut ulven på Hamre i Lund i mørket klokka 23.08 fredag. Det hadde då gått åtte dagar sidan Fylkesmannen gav fellingsløyve på bakgrunn av at Statens naturoppsyn hadde dokumentert at ulven hadde tatt lam.

Eit samfunnsoppdrag

Rudolf Svensen påpeiker at det er ein del av Stavanger Museum sitt samfunnsoppdrag å ta vare på og formidla kunnskap om naturen.

– Me held på å laga nye naturhistoriske utstillingar på museet. I den forbindelse vil me gjerne fortelja historia til denne ulven. At ulv ikkje er ein del av faunaen i Rogaland, er

ikkje naturgitt. Det er nokon som har bestemt at naturen i Rogaland skal vera sånn, poengterer Svensen.

– Bør bli verande i Rogaland

Den skotne ulven er staten sin eigedom. Den som ønskjer å overta han, må søkja om det.

– Me har sendt søknaden i dag. Ulven kom til Rogaland og bør bli verande her. Stavanger Museum bør derfor stilla sterkt i ein eventuell konkurranse om å få overta han - også fordi me kan vera ein garantist for at han blir tatt godt vare på, i motsetning til om han skulle hamna på eit høgfellshotell eller i kjellarstova til nokon i jaktlaget.

Rudolf Svensen har ikkje sjølv sett ulven, men han veit at det var eit fint eksemplar som blei tatt av dage fredag kveld.

– Ein av museet sin konservatorar har vore i kontakt med jaktlaget. Det var ein ung hannulv på 43 kilo. Han var heilt utan skabb og fin i pelsen. Det er bare eitt hol i han.

Synest det er trist

Svensen legg ikkje skjul på at han helst hadde sett at ulven ikkje blei skoten.

– På det personlege planet synest eg det er trist. Som avdelingsleiar på museet meiner eg det er viktig at folk får sjå ulven på ein annan måte enn på eit bilete der han ligg på bakken og blør, med folk ståande rundt og posera. Utstoppa og utstilt hjå oss kan folk få sjå kor fantastisk flott dyr dette eigentleg er. Så får kvar enkelt trekkja slutningar sjølv. Me skal informera folk på eit sakleg nivå, ikkje på kommentarfeltnivå, avsluttar Rudolf Svensen.